

Myhr Olav J
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9456 - 21/81067

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
30.11.2021

Landbrukssak GBNR 210/2 Haugen - Varsel om dokumentkontroll av søknad om produksjons og avløysartilskot

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2021.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2021-6 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen knytt mot husdyrregisteret der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen, kukontrollen eller storfekjøttkontrollen datert 1.mars og 1.oktober.

Kontrollen vil omhandla:

- **Dyr som føretaket disponerer på teljedato 1.mars og 1. oktober som er registrert i husdyrregisteret.**

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Kvernhusmyrane 25, 5914 Isdalstø eller på e-post til post@alver.kommune.no innan tysdag 14. Desember 2021.

Merk dokumentasjon med saksnummer 21/9456

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret på 56 37 50 00.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Myhr Olav J

5913 EIKANGERVÅG